

## Folkemusikkveke også i Uskedalen

05.12.2011

**Til hausten, fra 21. til 27. oktober blir Folkemusikkveka avvikla her i kommunen og Uskedalen har også sin plass i dette store arrangementet. Det blir tilskipingar både i Gamleskulen og Helgheim ,  
I Gamleskulen skal det vera folkemusikkafe 23. oktober med Reidun Horvei med fleire.  
I Helgheim blir det konsert og dansekveld med folkemusikkafe 26. oktober med trekkspeklubben og folkemusikklaget.**

Både i forkant og under sjølve veka vert det skipa ulike kurs med målgruppe skulane, kulturskulen, lag, orgaisasjonar og uorganiserte som ynskjer opplæring.

Det store punktum for veka med alle involverte blir 27. oktober og her deltek mellom mange andre Røysterett for alle. Koret skal også ha eigen konsert som førebels ikkje er beramma.

Biletet: Fylkesmusikarane blir naturleg nok engasjert i veka. Det gjeld ikkje minst Einar Mjølsnes som står til høgre på dette biletet saman med Elin Gryting og Sigbjørn Apeland